



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 02.06.2026
Tid: Kl. 14:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Rannveig F. Øvrebø	AP
Sigmund Alvestad	KRF
Egil Magne Våge	SP
Osmund Våga	SP
Lene Ognøy Foss	U
Svein Ove Alvestad	U

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Rakel Alvestad	AP	Arne Hosaas	AP

Andre som møtte

Grethe Heimvik
Ingeborg Skjølingstad
Lillian Grønnestad
Michael Gräfe
Åse Bratthammer

Stilling

Kommunalsjef Helse og omsorg
Kommunedirektør
Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Kommunalsjef teknisk
Kommunalsjef Oppvekst

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Arne Hosaas og Lene Ognøy Foss

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
054/26	Godkjenning av innkalling
055/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
056/26	Kulturmidlar 2026
057/26	Strategiprosess NPK 2026
058/26	Rekneskap og årsmelding 2025
059/26	Hovudplan VA - Bokn kommune
060/26	1.tertialrapport 2026
061/26	Samlesak for orienteringsaker
061/26.1	Endring av bruk av omsorgsbustader til bustad- og avlastingstilbod for personar med omfattande hjelpebehov
061/26.9	Referat frå styremøte i Bokn Tomteselskap AS 18. mai kl. 1900. Ikkje offentleg
061/26.10	Orientering frå kulturskulen - formannskapsmøte 02.06.2026
062/26	Samlesak for høyringar
062/26.1	Høring - Forslag til endringer i skiltforskriften
062/26.2	Høring - Helsedirektoratets utredning med forslag til styrking av barn og unges rettssikkerhet ved tvangsbruk i psykisk helsevern
062/26.3	Høring – ny modulstrukturert læreplan for vg3 yrkessjåførfaget
062/26.4	Høring av Nasjonal faglig retningslinje for utredning, oppfølging og behandling av kvinner med endometriose og adenomyose
062/26.5	Høring av overgangsregler for hold av vilt som ikke kan overleve i Norge
062/26.6	Høring av standardiserte minimumskrav om nullutslippsløsninger og biogass på offentlige bygge- og anleggsplasser -Sak 2026/4826
062/26.7	Høring om forslag til endring av forskrift om tilskudd til inkludering av barn og unge
062/26.8	Høring om forslag til endringer i opplæringsforskriften og privatskoleforskriften om at det ikke skal regnes som fravær fra opplæringen når elevene er hos skolehelsetjenesten
063/26	Eventuelt og spørsmål
064/26	Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - klage på vedtak Ida Grønnestad
065/26	Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - klage
066/26	Kvalitets - og utviklingsmelding Oppvekst 2026

054/26 Godkjenning av innkalling

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 054/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

055/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 055/26 Vedtak

Møteprotokollen vert godkjend. Arne Hosaas og Lene Ognøy Foss vart valde til å signere protokollen.

056/26 Kulturmidlar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet i Bokn vedtek følgande fordeling av kulturmidlar for 2026:

Lag	
Bokn bedehus	5 000
Bokn historielag	7 000
Bokn idrettslag	35 000
Bokn KFUK/M <u>Speidarar</u>	33 000
Bokn motorsportklubb	35 000
Bokn mållag	5 000
Bokn pensjonistforening	6 000
Bokn ride og kjøreklubb	11 000
Bokn <u>skyttarlag</u>	7 000
Bokn sykkelklubb	26 000
§7 Spesielle tiltak	10 000
Bokn Skytterlag (gevær)	
SUM:	180 000

2. Utgiftene blir dekket av 1471.240.3850 - tilskot til foreningar, andre kulturaktivitetar.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

endring i forslaget, foreslått av Lene Ognøy Foss, Uavhengig
Kulturmidler

Endring i vedtak

Bokn Idrettslag kr 30.000

Bokn KFUK/M Speidar kr 30.000

Bokn Motorsportklubb 30.000

Bokn Skyttarlag 20.000 + ekstra bevilgning §7 Spesielle tiltak 10.000

Avrøysting

Det vart røysta over endringsforslag fremma av Lene Ognøy Foss (uavhengig). Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

FS - 056/26 Vedtak

Formannskapet vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med endringar fremma av Lene Ognøy Foss (uavhengig). Endeleg fordeling går fram av tabellen nedanfor:

1. Formannskapet i Bokn vedtek følgande fordeling av kulturmidlar for 2026:

Bokn bedehus - 5 000,-

Bokn historielag - 7 000,-
Bokn idrettslag - 30 000,-
Bokn KFUK/M Speidarar - 30 000,-
Bokn motorsportklubb - 30 000,-
Bokn mållag - 5 000,-
Bokn pensjonistforening - 6 000,-
Bokn ride og kjøreklubb - 11 000,-
Bokn skyttarlag - 20 000,- + ekstra bevilgning §7 Spesielle tiltak 10.000,-
Bokn sykkelklubb - 26 000,-

2. Utgiftene blir dekket av 1471.240.3850 - tilskot til foreningar, andre kulturaktivitetar.

01.06.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet meiner at det er ei fornuftig fordeling av midlene. Det er synleg at laga som omhandlar barn- og unge er vektlagt i vurderinga.

8/8 medlemmer er for forslaget.

UNG - 029/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes å støtte forslaget som er lagt fram.

18.05.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing hadde kommentarar og spørsmål knytt til fordeling av Kulturmidlane for 2026. Desse tas vidare opp i Formannskapet i deira møte i juni.

ERPF - 013/26 Vedtak

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing hadde kommentarar og spørsmål knytt til fordeling av Kulturmidlane for 2026. Desse tas vidare opp i Formannskapet i deira møte i juni.

057/26 Strategiprosess NPK 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar saka til orientering.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Ordførar Egil Magne Våge (Sp) orienterte om saka.

FS - 057/26 Vedtak

Formannskapet tek saka til orientering utan merknader.

058/26 Rekneskap og årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2025 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2025 for Bokn kommune

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef Økonomi og administrasjon informerte om rekneskap og årsmelding for 2025.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) ber om å få ei oversikt over dei totale kostnadane for vikarbruk på helse og omsorg, samt bu og aktivitet, i 2025.

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad informerer om at dette kan svarast ut i kommunestyret 16.juni 2026.

Avrøysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 058/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2025 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2025 for Bokn kommune

18.05.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om rekneskap og årsmelding 2025.

ERPF - 014/26 Vedtak

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing tok orienteringa til informasjon.

059/26 Hovudplan VA - Bokn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommune vedtar forslag til hovudplan VA 2026 – 2036 som eit styringsdokument for kommunen sine vass- og avlaupstenester, *og at nivået på desse tenestene skal vere slik som det går fram av kapittel 2 i dokumentet.*
2. Det er ein føresetnad at planen skal evaluerast og justerast i tilknytning til det årlege arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan.
Dette gjeld særleg forslaget til investeringsplan og gebyrkonsekvensar som er vist i kap. 9 og 10. Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Tilleggsforslag, foreslått av Svein Ove Alvestad, Uavhengig

Tabell 2 Årsgebyr avløp

-26	0%
-27	+15%
-28	+15%
-29	+15%
-30	+15%

Avrøysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med forslag fremja av Svein Ove Alvestad (uavhengig) vart samrøystes vedteke.

FS - 059/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med forslag fremja av Svein Ove Alvestad (uavhengig):

- 1. Bokn kommune vedtar forslag til hovudplan VA 2026 – 2036 som eit styringsdokument for kommunen sine vass- og avlaupstenester, og at nivået på desse tenestene skal vere slik som det går fram av kapittel 2 i dokumentet.**
- 2. Det er ein føresetnad at planen skal evaluerast og justerast i tilknyting til det årlege arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan.**

Dette gjeld særleg forslaget til investeringsplan og gebyrkonsekvensar som er vist i kap. 9 og 10. Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.

Tabell 2 Årsgebyr avløp

-26	0%
-27	+15%
-28	+15%
-29	+15%
-30	+15%

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Endring av siste 2 setninger i kap 2., foreslått av Rakel Alvestad, Arbeiderpartiet

Endre siste to setninger i kap 2. "Mål i VA plan". Foreslår å slette nest siste setning, og endre siste setning til: "Tilstand i alle vassførekomstar skal i tråd med vassforskrifta (§2) minst oppnå god økologisk og kjemisk tilstand."

Kommunalsjef teknisk orienterer om framdrift i planen og status per i dag.

Rakel Alvestad (Ap) fremja skriftleg endringsforslag til saka om å endre to setingar i kapittel 2 "Mål i VA plan".

Ordføraren konstaterete at det var semje om at planen og forslaget frå Rakel Alvestad vert sendt tilbake til administrasjonen og teke opp i neste formannskapsmøte 2.juni 2026.

060/26 1.tertialrapport 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapporten vert tatt til orientering

Budsjettjustering – Drift

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Tilskot frå IMDI vert budsjettjustert med kr 805.000, og vert tilført rammeområde 3 (ansvar 420).
2. Eigedomsskatt vert redusert med kr 1.432.000. Beløpet vert finansiert frå eit auka skatteanslag på kr 650.000 og kr 782.000 i redusert overføring til disposisjonsfond.
3. Ihht bestilling frå formannskapet 20.05.2026 vert det overført kr 100.000 til rammeområde 1, som skal brukast til å få utarbeida ein ekstern rapport om bustadsattraktivitet og utvikling på Bokn med utgangspunkt i ny E39. Beløpet bert finansiert frå disposisjonsfond.
4. Ubrukte tilskotsmidlar frå IMDI på kr 1.293.000 frå 2025 vert overført frå ordinært disposisjonsfond til eige disposisjonsfond for «tilskotsmidlar IMDI».
5. Rammeområde 6 får tilført kr 1.000.000 til konsulentarbeid i samband med oppfølging av E39, gamle holmen og hovudplan VA. Dette vert finansiert frå disposisjonsfond.

Budsjettjustering – Investering

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Brannstasjon, prosjekt 9045, restbeløp løyving kr 20.264.571 vert overført til 2026 og dekkja av lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
2. Energisparetiltak prosjekt 9405, restbeløp løyving kr 571.316 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
3. Prosjekt «Parkerings Nærmiljøanlegget 9406», restbeløp løyving kr 274.900 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
4. Prosjekt «Digitalisering eigedomsarkiv 9049» kr 500.000 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
5. Prosjekt «Skilting kulturminner 9047», restbeløp kr 137.830 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
6. Prosjekt «Uteområde barnehage 9050» kr 585.781 vert overført til 2026. Det vert finansiert med bruk av disposisjonsfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet inntektsføres frå fond i drift og overføres frå drift til investering. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
7. Prosjekt «Oppgradering uteområde sjukeheim 9052», restbeløp kr 129.610 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5

2.ledd (2B).

8. Prosjekt «Overvatn Føresvik 9404/9042», restbeløp kr 215.113 vert overført til 2026 og dekket av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

9. Prosjekt «Kystkuben/gamingrom 9054», restbeløp kr 281.002 vert overført til 2026 og dekket av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

10. Prosjekt «Utviding/oppgradering Jøsenvegen 9055», restbeløp kr 1.250.000 vert overført til 2026 og dekket av lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

11. Prosjekt «Tomt Føresvik 9057», restbeløp kr 4.000.000 vert overført til 2026 og dekket av lånemidlar i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

12. Prosjekt «Carport 9056», restbeløp kr 291.000 vert overført til 2026 og dekket av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

13. I samsvar med ny hovudplan VA gjer ein følgjande endring: Prosjekt «Pumpeledning Stabburvegen» erstatter tidlegare vedteke prosjekt «Nytt hovudavlaupsanlegg Føresvik». Kr 5.000.000 bli dermed erstatta av nytt beløp kr 3.900.000. Beløpet skal lånefinansierast i samsvar med vedtak frå 2025.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om 1. tertialrapport 2026.

FS - 060/26 Vedtak

Formannskapet tek tertialrapporten til orientering.

061/26 Samlesak for orienteringsaker

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 061/26 Vedtak

Formannskapet tok orienteringssakene til informasjon.

061/26.1 Endring av bruk av omsorgsbustader til bustad- og avlastingstilbod for personar med omfattande hjelpebehov

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad orienterte om saka.

FS - 061/26.1 Vedtak

Formannskapet tok saka til orientering.

061/26.9 Referat frå styremøte i Bokn Tomteselskap AS 18. mai kl. 1900.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Ordførar Egil Magne Våge (Sp) orienterte om saka.

FS - 061/26.9 Vedtak

Formannskapet tek saka til orientering.

061/26.10 Orientering frå kulturskulen - formannskapsmøte 02.06.2026

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Rektor ved kulturskulen Anne Tove Øvrebø orienterte om status Kulturskulen.

FS - 061/26.10 Vedtak

Formannskapet tek saka til orientering.

062/26 Samlesak for høyringar

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 062/26 Vedtak

Formannskapet tek høyringssakene til orientering.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Ordfører Egil Magne Våge (Sp)

- Orienterte om henvendelse om å starte gardsmatsproduksjon. Formannskapet stiller seg positive til dette og bedrifta oppfordrast til å sende inn søknad.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap)

- Vil oppfordrer administrasjonen om å legge ut informasjon om møter og saker som skal opp tidlegare på kommunen si nettside. Slik at innbyggjarane får viktig informasjon, og kan snakke med politikarane, før møtene skal avholdast.
- Ungdomsklubben Petra og vidare drift. Ho håper at ordninga som den er i dag blir vidareført til neste gruppe foreldre som skal ta over.
- KS-opplæring, oppfordrar formannskapet til å koma med forslag til kva som kan vere aktuelle tema for kurs med KS.

Lene Ognøy Foss (uavhengig)

- Ber om status på det offentlege toalettet i Føresvik. Det er stengt no, men bør vere ope særleg i sommarsesongen mtp på auka behov og turisme. Om kommunen vel å ikkje prioritere drift og vedlikehald av fasilitetene bør kommunen vurdere å selje slik at det ikkje står til forfall. Ho vil også at formannskapet skal få tilbakemelding om det ikkje er midler til å drifte fasiliteter som formannskapet har vedtatt.
- Status på Kystkuben og manglande interesse og bruk.

Svein Ove Alvestad (uavhengig)

- Ber om status på brua i Straumen.

Kommunedirektøren svarte ut:

- Spørsmål 1-2 sendt inn frå formannskapet til administrasjonen vart svart ut i sak 060/26 1.tertialrapport 2026.
- Spørsmål om Administrasjonsutvalet: på grunn av mangel på saker har ikkje administrasjonsutvalet hatt møter.
- Status Arsvågen: Her er ikkje noko meir å rapportere og Formannskapet skal haldast løpande orientert.
- Status flyktningarbeid legges ved protokollen.

Kommunalsjef teknisk svarer ut spørsmål om status på offentlig toalett i Føresvik

Døra til containeren er øydelagt og vedlikehald av fasilitetene har ikkje vore prioritert i budsjettet. Per no er kommunen i dialog med Coop om å etablere eit toalett i ny butikk som også er tilgjengeleg for dei som ikkje er kundar. Etterspørselen og bruk har vore låg, og det har difor ikkje blitt prioritert. Kostnad for drift og vedlikehald ligger på 60 000,-. Det er ikkje eit lovpålagt for kommunen å ha eit slikt tilbod.

Ordfører Egil Magne Våge (Sp) foreslår at formannskapet får ei oversikt over følgjande til Kommunestyremøtet 16.juni 2026:

1. Kostnad til repreasjon
2. Kostnad drift per månad
3. Kostnad totalt fram til Coop sine nye lokaler står ferdig

Kommunalsjef oppvekst og kultur orienterte om ungt entrepenørskap og bruk av Kystkuben

- Orienterte om ungt entrepenørskap og grunnlaget for at det ikkje var deltakrarar frå Bokn skule.
- Skulen bruker den mykje, og det er ope når biblioteket er ope med vaksne tilstades. På grunn av varierende opningstider på biblioteket har bruken av Kystkuben ikkje blitt slik som forventa. Opningstidene blir meir stabile til hausten.

Ordførar Egil Magne Våge (Sp) svarer ut spørsmål om brua i Straumen

Rogland Fykleskommune er klar over situasjonen, dei har vore på befaring og har laga ein rapport. Det skal vere eit møte neste veke der brua er eitt av punktene som skal takast opp.

Kommunalsjef teknisk svarer ut spørsmål om Jøsenvegen og status parkering nærmiljøparken

- Kommunen har vore på befaring med grunneigarar som er berørt ang. Jøsenvegen. Det arbeidast no med oppdragspapir.
- Det jobbast vidare med å finne løysingar med å koma i mål med areal.

FS - 063/26 Vedtak

Formannskapet tek innsendte spørsmål og orienteringar til informasjon.

Formannskapet ber om ei oversikt over følgjande punkt om drift av det offentlege toalettet i Føresvik til kommunestyremøtet 16. juni 2026

1. Kostnad til repreasjon
2. Kostnad drift per månad
3. Kostnad totalt fram til Coop sine nye lokaler står ferdig.

064/26 Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - klage på vedtak Ida Grønnestad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå Ida Grønnestad blir ikkje teken til følge

Vedtaket gjort av formannskapet 17.03.26 om avslag på søknad om støtte frå kommunalt næringsfond blir oppretthalde

Saka vert sendt kommunestyret for endeleg behandling.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Endringsforslag, foreslått av Osmund Våga, Senterpartiet

Klagen frå Ida Grønnestad blir teken til følge.

Bokn formannskap tildeler kr 50 000 i investeringstilskot til Ida Grønnestad.

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

Avrøysting

Det vert røysta alternativt over Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og endringsforslag fremma av Osmund Våga (Sp).

5 røyster for Osmund Våga (Sp) sitt endringsforslag

2 røyster for Kommunedirektøren sitt framlegg: Svein Ove Alvestad (uavhengig) og Lene Ognøy Foss (uavhengig)

FS - 064/26 Vedtak

Formannskapet vedtek med 5 mot 2 røyster Osmund Våga (Sp) sitt forslag til vedtak:

Klagen frå Ida Grønnestad blir teken til følge.

Bokn formannskap tildeler kr 50 000 i investeringstilskot til Ida Grønnestad.

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

065/26 Søkna om støtte frå Bokn Næringsfond - klage

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå Emilie Moi Eikje blir ikkje teken til følge

Vedtaket gjort av formannskapet 17.03.26 om avslag på søknad om støtte frå kommunalt næringsfond blir oppretthalde

Saka vert sendt kommunestyret for endeleg behandling.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Endringsforslag, foreslått av Osmund Våga, Senterpartiet

Klagen frå Emilie Moi Eikje blir teken til følge

Bokn formannskap tildeler kr 100 000 i investeringstilskot til Emilie Moi Eikje.

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

Avrøysting

Det vert røysta alternativt over Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og endringsforslag fremma av Osmund Våga (Sp).

5 røyster for Osmund Våga (Sp) sitt endringsforslag

2 røyster for Kommunedirektøren sitt framlegg: Svein Ove Alvestad (Uavhengig) og Lene Ognøy Foss (Uavhengig)

FS - 065/26 Vedtak

Formannskapet vedtek med 5 mot 2 røyster Osmund Våga (Sp) sitt forslag til vedtak:

Klagen frå Emilie Moi Eikje blir teken til følge.

Bokn formannskap tildeler kr 100 000 i investeringstilskot til Emilie Moi Eikje.

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

066/26 Kvalitets - og utviklingsmelding Oppvekst 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek kvalitets - og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef oppvekst og kultur orienterte om saka og svarte ut spørsmål.

FS - 066/26 Vedtak

Formannskapet tek kvalitets- og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

Tillegg til orienteringssaker: status flyktningssituasjonen i Bokn kommune.

Statusrapport – busetting av flyktningar i Bokn kommune 2022–2026

I perioden 2022–2026 har Bokn kommune busett totalt 57 flyktningar. Av desse har 21 personar flytta frå kommunen eller returnert, medan 37 personar er busette i kommunen per i dag. Ein av dei 37 er eit barn som er fødd på Bokn.

Av dei busette er 25 personar i arbeidsfør alder. Av desse er:

- 68 % i arbeid
- 12 % deltek i introduksjonsprogrammet
- 20 % står utan arbeid eller arbeidsretta tiltak
- 90 % har tatt norskprøven etter at de er ferdig med introduksjonsprogrammet og norskopplæring.
- 75 % av desse har oppnådd et resultat på A2 eller høyere.

Det er totalt 11 barn blant dei busette flyktningane. Fordelinga i oppvekst- og utdanningstilbod er som følgjer:

- 2 barn går i barnehage
- 7 elevar går ved Bokn skule
- 1 ungdom går på vidaregåande skule

- 4 elevar deltek i kulturskulen

Statusen viser at ein stor del av dei vaksne i arbeidsfør alder har kome i arbeid, noko som er eit viktig mål i integreringsarbeidet. Samstundes er det framleis behov for oppfølging og kvalifisering for dei som står utanfor arbeidslivet eller ikkje deltek i tiltak.

Integrering på Bokn:

Ukrainerne har deltatt som frivillige på mange aktiviteter.

- Vakter i åpen hall
- Ved ulike arrangementer i Bokn Arena har de vært frivillige
- Jul- og sommeravslutninger. Da har ukrainerne vært med å rydde til og stå i kiosken.
- Deltatt med sang og pianospill på sjukestova
- Kulturkafè på biblioteket

Bokn kommune held fram arbeidet med busetting, integrering og inkludering for å sikre gode levekår og deltaking i lokalsamfunnet.